

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Lesja Bygdetun

Dato: 14.03.2016

Tidspunkt: 11:00 – 15:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Magnus Berdal	MEDL	
Bjarne Eiof Holø	MEDL	
Mariann Skotte	MEDL	
Marit Nauste	MEDL	
Elias Sperstad	MEDL	
Svein Blankenborg	MEDL	
Magnhild Vik	MEDL	
Aud Hove	MEDL	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Kari Ramen	MEDL	

Merknader

Vara for Kari Ramen, Jo Trygve Lyngved, meldte forfall.

Som styreleiar i førre periode, ønskja Per Magnus Berdal velkommen til møtet. I starten av møtet var det ei presentasjonsrunde der alle fekk tid til å presentere seg.

Etter behandling av sak 1/16 (Val og konstituering) og sak 2/16 (Godkjenning av innkalling og val av to til å skrive under protokoll), vart det orientert om følgjande:

- Arbeidet i nasjonalparkstyret, jf. vedtekter v/ styreleiar Per Magnus Berdal
- Fylkesmannen si rolle som arbeidsgjevar og fagansvarleg, sentrale dokument, vedtekter mm, v/seniorrådgiver ved Fylkesmannen i Oppland Harald Klæbo.
- Praktisk informasjon til nye styremedlemmar, nasjonalparkstyret si nettside: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/>, arbeidet til nasjonalparkforvaltar og nokre tema frå 'Årsrapporten 2015', v/nasjonalparkforvaltar Kristine Sørliie. Verneforskriftene, forvaltningsplan, vernekart og Årsrapport 2015 vart delt ut til alle i møtet. Etter innspel frå Aud Hove vil forvaltar kjøpe inn fjellkartet frå Cappelen: *REINHEIMEN OG TAFJORDFJELLA*, til alle styremedlemmane.

- Thomas Rødstøl orienterte stutt som SNO sitt arbeid.

Under kompetansedagane i Lom 12.-13. april, vert det betre tid til å belyse tema som er relevant og nødvendig for arbeidet i nasjonalparkstyret. Viser til utsendt program på e-post.

Frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Per Olav Haugen	SNO
Thomas Rødstøl	SNO
Harald Klæbo	Seniorrådgiver, Fylkesmannen i Oppland

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal
Sign.

Aud Hove
Sign.

Elias Sperstad
Sign.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/16	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Valg og konstituering 2016-2019		2015/5743
ST 2/16	Godkjenning av innkalling - Val av to representantar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 3/16	Referatsaker		
	Tildeling av ekstra nasjonalparkforvalter til Reinheimen		2014/5525
	Midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer for 2016		2015/7030
	Rapportering - Skjøtsel - Fysisk informasjon - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn		2014/6843
	Varsel om oppstart og høring av planprogram - Tematisk kommunedelplan for kulturminne		2016/928
ST 4/16	Delegerte saker		
DS 1/16	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - transport til Reinsminne - Kjetil Alnæs		2015/6551
DS 2/16	Ottadalen LVO og Finndalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter til varetransport for vedlikehold, utleige på sæter i Finndalen, og til bu ved Vesl-Lusa - Arild Fallingen og Mona Bøhle		2015/7908
DS 5/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - oppkøyring av skiløypa Brøstdalen rundt - Øverdalen Idrettslag v/Lars Fransplass		2016/138
DS 3/16	Reinheimen NP - Lordalen LVO - Ottadalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2019 - Transport av utstyr til utleiebuer og naust - Lesja fjellstyre		2015/8003
DS 4/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsl for varetransport til hytter på Tunga - Anne Bente Aak Dahle		2016/136
DS 5/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsl for varetransport til hytte på Tunga - Ingvild Nesthus		2016/136
DS 6/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Bruk av snøscooter for varetransport til hytter på Tunga - 13 partar i Tunga Sameie		2016/136

DS 7/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Erik Devold	2016/136
DS 8/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Per Ivar Aak	2016/136
DS 9/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytter på Tunga - Lisbeth Traaseth	2016/136
DS 10/16	Reinheimen nasjonalpark - Trollstigen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Transport med helikopter til bygging av nytt nødnett site RMR057 på Skarfjellenden - Netel AS	2015/4102
DS 11/16	Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Bruk av snøskuter for transport av proviant til hytte i Brøstdalen - Jorun Bettum	2015/2903
DS 12/16	Romsdalen Ivo - Reinheimen np - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015-2019 - Bruk av snøskuter for transport til hytte i Brøstdalen og Trollstølen i Reinheimen - Bjørn Kåre Alnes	2015/7970
DS 13/16	Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2021 - Bruk av leiekjører for transport av varer til hytte ved Sætherstølen - Lars Gunnar Sæther	2015/4518
DS 14/16	Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - 2019 - Transport av proviant - Rolf Herman Bjerkeli	2015/8071
DS 15/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Arild Seyffarth	2016/136
DS 16/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Truls Røe	2016/136
DS 17/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Christina Helseth	2016/136
DS 18/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytter på Tunga - Anders Helseth	2016/136
DS 19/16	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter for transport av ved til Vakkerstøylen - Ålesund-Sunnmøre Turistforening	2016/808
DS 6/16	Romsdalen Ivo - Reinheimen nasjonalpark -	2015/8058

	Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Transport av ved, materialer, varer og personell for vedlikehold og tilsyn av Trollstølen - Bjørn Kåre Alnes	
DS 20/16	Lordalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter til frakt av proviant til hytte gnr. 157/1/10 - Anne Nafstad Lyftingsmo	2016/758
DS 21/16	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter for uttransport av båt fra vatn nordøst for Torsvatn - Odd Ivar Bakken - Lodvar Brekkum	2016/743
DS 22/16	Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Transport av materialer og proviant til fiskebu ved Lortjønn - Lars Aaboen.	2016/686
DS 23/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Vilhelm Seyffarth	2016/136
DS 24/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Carl Henrik Seyffarth	2016/136
DS 25/16	Romsdalen Ivo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytter på Tunga - Olaf Røe	2016/136
DS 26/16	Romsdalen Ivo - Reinheimen np - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2019 - snøscooter, bil over Tunga, motorbåt Ulvådalsvatnet til hytta Småstølan 3 - Odd Erik Hjelle	2015/8262
DS 27/16	Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - Bruk av snøscooter for varetransport til hytte ved søre Storteppingje - Norvald Marstein, Lom	2016/133
DS 28/16	Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter for transport av båt fra Honnsjoen og tilbake - Lia grunneigarlag	2016/9
DS 29/16	Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - Bruk av snøskuter ved snømåling - Glommens og Laagens Brukseierforening	2016/153
DS 30/16	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter til transport av utstyr til hytte på Kvernåtjern - Olav Bruheim	2016/876
DS 31/16	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - bruk av snøscooter for transport av båt frå	2015/1904

	Bollvatnet - Ola Lundemo	
DS 32/16	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Bruk av snøskuter til hytte 82/27 - Jan Steinar Grøtta	2016/837
DS 33/16	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter for transport til hytte ved Torsvatnet – Skjåk Utmarkservice	2016/1240
DS 34/16	Ottadalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - bruk av snøscooter for transport av ved til fiskebu ved Honnsjoen - Odd Ivar Kolden	2016/1576
DS 35/16	Reinheimen nasjonalpark - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøscooter i samband med tilsyn og drift av nødnett ROL089 Hurrungen - Motorola Solutions AS	2014/3899
DS 36/16	Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - Transport av ved og varer til hytte ved Lortjønn - Lodvar Brekkum	2016/404
ST 5/16	Delegering av myndighet til nasjonalparkforvaltar - jf. reviderte vedtekter for nasjonalpark- / verneområdestyrene samt stillingsinstruks for forvalter	2014/8682
ST 6/16	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Bruk av bil over tunga og motorbåt på Ulvådalsvatnet - Jan Steinar Grøtta	2016/837
ST 7/16	Reinheimen NP - Lordalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter for transport og plassering av båt ved Søre Bergetjønn - Bjørn Moen	2016/1176
ST 8/16	Reinheimen nasjonalpark - Lordalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Plassering og transport av båt til utleiebu ved Søre Grønvatnet - Lesja Jeger og Fiskeforening	2016/902
ST 9/16	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Transport av ny bu og flytting av bu ved Nørdre Grønvatnet - Lesja fjellstyre og Karl Øygarden	2015/1785
ST 10/16	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Møteplan 2016	2016/1706
ST 11/16	Eventuelt	

ST 1/16 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Valg og konstituering 2016-2019 2015/5743

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Mariann Skotte foreslo Per Magnus Berdal som leiar og Bjarne Eiof Holø som nestleiar.

Bjarne Eiof Holø foreslo Mariann Skotte som fast medlem i arbeidsutvalet, i tillegg til leiar og nestleiar.

Det vart og lagt fram forslag til to vararepresentantar i arbeidsutvalet. Elias Sperstad vart foreslått som 1. vara, og Marit Nauste som 2.vara.

Forslaga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av pkt. 4 og 5 i gjeldande vedtekter av 13.08.15 for Nasjonalparkstyret for Reinheimen blir styret konstituert med val av leiar, nestleiar og arbeidsutval.

Følgjande er valde:

Leiar: Per Magnus Berdal

Nestleiar: Bjarne Eiof Holø

Arbeidsutvalet består av leiar, nestleiar og 1 medlem.

Medlem Arbeidsutval: Per Magnus Berdal, Bjarne Eiof Holø og Mariann Skotte

1.vara: Elias Sperstad

2.vara: Marit Nauste

ST 2/16 Godkjenning av innkalling - Val av to representantar til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Per Magnus Berdal viste til nye vedtekter, pkt. 7. OM MØTENE I NASJONALPARKSTYRET, der det står i 4.avsnitt: *Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen.*

Val av eit medlem jf. vedtektene vert innarbeida frå og med neste møte.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Aud Hove og Elias Sperstad vart valde til å skrive under protokollen.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Tildeling av ekstra nasjonalparkforvaltar til Reinheimen, Miljødir. 18.02.2016

Per Magnus Berdal innleia med å orientere stutt om historikk i saka, og prosessen kring forvaltningsknutepunkt i 2013. I brev frå Miljødirektoratet 18.02.2016, er nasjonalparkstyret er bede om å komme med sine synspunkt om lokalisering av ekstra forvaltar i Reinheimen. Det vart opna for synspunkt kring dette.

Nasjonalparkforvaltaren opplyste om at det pr. i dag er mottatt 4 inngåande dokument i saka, frå aktørar som tilbyr kontorplass og fagmiljø til ekstra forvaltar i Reinheimen:

- Forvaltningsknutepunkt i Lom, Norsk Fjellmuseum/Besøkssenter nasjonalpark, 22.02.16
- Norsk Tindesenter, fjellnæringshagen, 09.03.16
- Norddal kommune, 09.03.16
- Forvaltningsknutepunkt i Skjåk, Skjåk Almenning, 13.03.16

Mariann Skotte kunne opplyse om at det også vil komme eit brev frå Lesja kommune til nasjonalparkstyret, der dei ønskjer å tilby kontorplass til ekstra forvaltar. Prosessen i samband med utpeiking av forvaltningsknutepunkt i 2013 er akseptert, men ikkje glømd i Lesja.

Magnhild Vik ønskjer frå si side å tale for at den ekstra forvaltaren vert lokalisert i Romsdalen, i det nye Tindesenteret på Åndalsnes. Geografisk fordeling av sekretariatet er viktig, og Tindesenteret vil også kunne tilby eit fagmiljø med kompetanse innan friluftsliv, fjell og verdiskaping som nasjonalparkforvaltaren vert ein naturleg del av. SNO skal og ha kontorplass der.

Aud Hove stilte spørsmål om kva som er det beste for forvaltninga av Reinheimen? Ho ønskjer at det i saksutgreiinga vert belyst fordelane og ulempene ved å samlokalisere forvaltarane, kontra å splitte opp sekretariatet geografisk.

Marit Nauste poengterte også at styret må finne den beste løysninga for forvaltninga av Reinheimen på tvers av kommunegrenser og fylkesgrenser. Sentrale spørsmål er om det er nødvendig å samlokalisere eller er det greit å splitte forvaltarane?

Svein Blankenborg støtta både Marit og Aud om at det er viktig å vurdere fordelar og ulemper med alternative løysningar, m.h.t korleis dette vil påverke forvaltninga av Reinheimen.

Elias Sperstad fremma det gode miljøet innan utmarksforvaltning på forvaltningsknutepunktet hjå Skjåk Almenning, og ville tale for at den ekstra forvaltaren vert plassert i Skjåk.

Bjarne E. Holø viste til den førre prosessen, og presiserte at det er viktig at nasjonalparkstyret kan komme fram til eit samrøystes syn om lokalisering. Dersom styret er samde, er det lite truleg at miljødirektoratet vil gå imot styret.

Per Magnus Berdal avslutta drøftingane og bad om at forvaltaren på bakgrunn av innspel frå styret, legg fram ei sak på neste styremøte. I saka skal alle tilbydarane presenterast, og det skal gjerast ei vurdering av fordelar og ulemper ved å samlokalisere forvaltarane, eller å spreie dei geografisk.

Nasjonalparkforvaltaren ser det ikkje som naturleg å skrive ei innstilling for styret i denne saka, men vil gjere ei vurdering i saksutgreiinga med bakgrunn i gjeldande kriterier, inkomne tilbod og signal frå drøftingane styremøtet.

Vedtak

Tildeling av ekstra nasjonalparkforvaltar til Reinheimen, Miljødir. 18.02.2016

Med bakgrunn i drøftingane i møtet, og 5 aktørar som tilbyr kontorplass og fagmiljø til ekstra forvaltar, ber nasjonalparkstyret om at nasjonalparkforvaltar legg fram ei sak til behandling i neste styremøte 13.april i Lom.

Referatsakene vert teke til etterretning.

Referatsak

Tildeling av ekstra nasjonalparkforvalter til Reinheimen

Midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer for 2016

Rapportering - Skjøtsel - Fysisk informasjon - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn

Varsel om oppstart og høring av planprogram - Tematisk kommunedelplan for kulturminne

ST 4/16 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Vedtak

Delegert saker vert teke til etterretning.

DS 1/16 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - transport til Reinsminne - Kjetil Alnæs 2015/6551

DS 2/16 Romsdalen lvo - Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Transport av ved, materialer, varer og personell for vedlikehold og tilsyn av Trollstølen - Bjørn Kåre Alnes 2015/8058

DS 3/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - oppkøyring av skiløypa Brøstdalen rundt - Øverdalen Idrettslag v/Lars Fransplass 2016/138

DS 4/16 Ottadalen LVO og Finndalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter til varetransport for vedlikehold, utleige på sæter i Finndalen, og til bu ved Vesl-Lusa - Arild Fallingeng og Mona Bøhle 2015/7908

DS 5/16 Reinheimen NP - Lordalen LVO - Ottadalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2019 - Transport av utstyr til utleiebuer og naust - Lesja fjellstyre 2015/8003

DS 6/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytter på Tunga - Anne Bente Aak Dahle 2016/136

DS 7/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Ingvild Nesthus 2016/136

DS 8/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Bruk av snøscooter for varetransport til hytter på Tunga - 13 partar i Tunga Sameie 2016/136

DS 9/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Erik Devold 2016/136

DS 10/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Per Ivar Aak 2016/136

DS 11/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytter på Tunga - Lisbeth Traaseth 2016/136

DS 12/16 Reinheimen nasjonalpark - Trollstigen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Transport med helikopter til bygging av nytt nødnett site RMR057 på Skarfjellenden - Netel AS 2015/4102

DS 13/16 Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Bruk av snøskuter for transport av proviant til hytte i Brøstdalen - Jorun Bettum 2015/2903

DS 14/16 Romsdalen lvo - Reinheimen np - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015-2019 - Bruk av snøskuter for transport til hytte i Brøstdalen og Trollstølen i Reinheimen - Bjørn Kåre Alnes 2015/7970

DS 15/16 Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2021 - Bruk av leiekjører for transport av varer til hytte ved Sætherstølen - Lars Gunnar Sæther 2015/4518

DS 16/16 Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - 2019 - Transport av proviant - Rolf Herman Bjerkeli 2015/8071

DS 17/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Arild Seyffarth 2016/136

DS 18/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Truls Røe 2016/136

DS 19/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytte på Tunga - Christina Helseth 2016/136

DS 20/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsel for varetransport til hytter på Tunga - Anders Helseth 2016/136

DS 21/16 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter for transport av ved til Vakkerstøylen - Ålesund-Sunnmøre Turistforening 2016/808

DS 22/16 Lordalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter til frakt av proviant til hytte gnr. 157/1/10 - Anne Nafstad Lyftingsmo 2016/758

DS 23/16 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter for uttransport av båt fra vatn nordøst for Torsvatn - Odd Ivar Bakken - Lodvar Brekkum 2016/743

DS 24/16 Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Transport av materialer og proviant til fiskebu ved Lortjønn - Lars Aaboen. 2016/686

- DS 25/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsl for varetransport til hytte på Tunga - Vilhelm Seyffarth 2016/136**
- DS 26/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsl for varetransport til hytte på Tunga - Carl Henrik Seyffarth 2016/136**
- DS 27/16 Romsdalen lvo - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016- 2020 - Motorisert ferdsl for varetransport til hytter på Tunga - Olaf Røe 2016/136**
- DS 28/16 Romsdalen lvo - Reinheimen np - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2019 - snøscooter, bil over Tunga, motorbåt Ulvådalsvatnet til hytta Småstølan 3 - Odd Erik Hjelle 2015/8262**
- DS 29/16 Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - Bruk av snøscooter for varetransport til hytte ved søre Storteppingje - Norvald Marstein, Lom 2016/133**
- DS 30/16 Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter for transport av båt fra Honnsjoen og tilbake - Lia grunneigarlag 2016/9**
- DS 31/16 Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016-2020 - Bruk av snøskuter ved snømåling - Glommens og Laagens Brukseierforening 2016/153**
- DS 32/16 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter til transport av utstyr til hytte på Kvernåtjern - Olav Bruheim 2016/876**
- DS 33/16 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - bruk av snøscooter for transport av båt frå Bollvatnet - Ola Lundemo 2015/1904**
- DS 34/16 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Bruk av snøskuter til hytte 82/27 - Jan Steinar Grøtta 2016/837**
- DS 35/16 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter for transport til hytte ved Torsvatnet – Skjåk Utmarkservice 2016/1240**
- DS 36/16 Ottadalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - bruk av snøscooter for transport av ved til fiskebu ved Honnsjoen - Odd Ivar Kolden 2016/1576**
- DS 37/16 Reinheimen nasjonalpark - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøscooter i samband med**

**tilsyn og drift av nødnett ROL089 Hurrungen - Motorola Solutions AS
2014/3899**

**DS 38/16 Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel -
2016-2020 - Transport av ved og varer til hytte ved Lortjønn - Lodvar
Brekum 2016/404**

**ST 5/16 Delegering av myndighet til nasjonalparkforvaltar - jf. reviderte
vedtekter for nasjonalpark- / verneområdestyrene samt stillingsinstruks for
forvalter 2014/8682**

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Samrøystes.

Vedtak

Med heimel i vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, vedtek nasjonalparkstyret for Reinheimen å gje nasjonalparkforvaltar(ane) mynde til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret etter at vedtak er fatta.

Vedtaka fatta av nasjonalparkforvaltarane skal vera i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og gjeldande forvaltningsplan.

Myndet nasjonalparkforvaltar(ane) har til å fatte vedtak etter ordlyden ovanfor gjeld for alle verneforskrifter som ligg i nasjonalparkstyre for Reinheimen sitt virkeområde.

ST 6/16 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - 2020 - Bruk av bil over tunga og motorbåt på Ulvådalsvatnet - Jan Steinar Grøtta 2016/837

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Samrøystes.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3, d), Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt.6.3, f) og naturmangfaldlova § 48 får Jan Steinar Grøtta dispensasjon til:

1. Køyring med bil over Tunga til Vassenden for transport av båt og varer.
2. Bruk av motorbåt på Ulvådalsvatnet i samband med fising og tilsyn med privat teig 83/7.
3. Plassering av båt ved Vassenden og på privat teig 83/7, ved Ulvådalsvatnet.

Vilkår:

- Løyvet for køyring over Tunga gjeld for 3 turar årleg, i ei periode på 5 år; 2016-2020.
- Løyvet for bruk av motorbåt på Ulvådalsvatnet gjeld for inntil 10 turar i samband med transport av båt/tilsyn/fising, i ei periode på 5 år; 2016-2020.
- Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni det aktuelle året.
- Løyvet til transport over Tunga gjeld ikkje som parkeringsløyve, men er strengt knytt til køyring med eit nytte- og lastebhov. Etter omlasting skal køyretøyet returnerast til etablert parkering ved Tungebrua.
- Det skal takast spesielt omsyn til dyreliv og ferdsl under transporten, og køyringa skal skje skånsamt, og haldast på eit minimum av omsyn til natur og miljø.
- Ved utplassering av båt, skal båten merkast med eigars namn og telefonnr.
- Dersom opplag av båten er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får negative konsekvensar for verneverdiane kan nasjonalparkstyret krevje at båten vert fjerna.
- Båten skal plasserast slik i terrenget at den er minst mogleg eksponert / skjemmaende i landskapet.

Det vert gjort merksam på at nødvendig løyve til motorferdsel og må avklarast med grunneigar og Rauma kommune.

ST 7/16 Reinheimen NP - Lordalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøskuter for transport og plassering av båt ved Søre Bergetjønn - Bjørn Moen 2016/1176

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Forslag om å stryke; ... *eller det ikkje er søkt om nytt løyve* ...etter komma i vilkår pkt.4.

Endring i vilkår pkt. 4 samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, og verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3, b), og Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3, b), får Bjørn Moen dispensasjon til plassering og utkøyring av båt, ved Søre Bergetjønn i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Båten skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete av båten til nasjonalparkforvaltninga.
2. Dersom opplag av båten er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får negative konsekvensar for verneverdiane kan nasjonalparkstyret krevje at båten vert fjerna.
3. Båten skal plasserast slik i terrenget at den er minst mogleg eksponert / skjemmaende i landskapet.
4. Dersom båten ikkje lenger er i bruk, skal båten fjernast.
5. Løyvet til transport av båt til Søre Bergetjønn gjeld for inntil 2 turar, vinteren 2016, innan 20.april.
6. Transporten skal gjennomførast på kvardagar, og løyvet gjeld ikkje på søndagar og ikkje i perioden frå og med skjærtorsdag til og med 2. påskedag.
7. Køyretrase: Lordalsvegen til Nordstølen –opp langs vestsida av Løgrovi – vestover og stuttaste veg til Søre Bergetjønn.
8. Transporten skal utførast av godkjend leigekøyrar i Lesja kommune.
9. Transporten skal så langt det er mogeleg samordnast med anna transportoppdrag i området, for å halde snøscootertrafikken på eit nødvendig minimum.
10. Seinast dagen før snøskutertransportane skal SNO v/ Thomas Rødstøl varslast på mobil 915 47 617, mellom anna for å hente inn aktuell informasjon om villrein.
11. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i køyretraseen. Om ein møter på rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
12. Køyringa skal skje skånsamt av generelt omsyn til dyreliv, naturmiljø, og til andre som ferdast i området.
13. Rapport om dato og stad for køyring skal sendast Reinheimen nasjonalparkstyre innan 5. juni 2016.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. Ein gjer merksam på at løyve også må avklarast med grunneigar og kommunen.

ST 8/16 Reinheimen nasjonalpark - Lordalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Plassering og transport av båt til utleiebu ved Søre Grønvatnet - Lesja Jeger og Fiskeforening 2016/902

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Forslag om å stryke; ... *eller det ikkje er søkt om nytt løyve* ...,etter komma i vilkår pkt.4.

Endring i vilkår pkt. 4 samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, og verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3, b), og Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3, b), får Lesja Jeger og fiskeforening dispensasjon til plassering og utkøyring av båt, ved Søre Grønvatne i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Båten skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete av båten til nasjonalparkforvaltninga.
2. Dersom opplag av båten er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får negative konsekvensar for verneverdiane kan nasjonalparkstyret krevje at båten vert fjerna.
3. Båten skal plasserast slik i terrenget at den er minst mogleg eksponert / skjemmaende i landskapet.

4. Dersom båten ikkje lenger er i bruk, skal båten fjernast.
5. Løyvet til transport av båt til Søre Grønvatne gjeld for inntil 1 tur, vinteren 2016, innan 20.april.
6. Transporten skal gjennomførast på kvardagar, og løyvet gjeld ikkje på søndagar og ikkje i perioden frå og med skjærtorsdag til og med 2. påskedag.
7. Køyretrase: Lordalsvegen til Nysetra – nordvest på beste farbare trase til Søre Grønvatnet.
8. Transporten skal utførast av godkjend leigekøyrar i Lesja kommune.
9. Transporten skal så langt det er mogeleg samordnast med anna transportoppdrag i området, for å halde snøscootertrafikken på eit nødvendig minimum.
10. Seinast dagen før snøskutertransportane skal SNO v/ Thomas Rødstøl varslast på mobil 915 47 617, mellom anna for å hente inn aktuell informasjon om villrein.
11. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i køyretraseen. Om ein møter på rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
12. Køyringa skal skje skånsamt av generelt omsyn til dyreliv, naturmiljø, og til andre som ferdast i området.
13. Rapport om dato og stad for køyring skal sendast Reinheimen nasjonalparkstyre innan 5. juni 2016.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. Ein gjer merksam på at løyve også må avklarast med grunneigar og kommunen.

ST 9/16 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Transport av ny bu og flytting av bu ved Nørdre Grønvatnet - Lesja fjellstyre og Karl Øygarden 2015/1785

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Samrøystes.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lesja fjellstyre og Karl Øygarden dispensasjon frå verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark for å samordne køyring med trakkemaskin og snøscooter, for å transportere inn ny hytte, og flytte eksisterande fjellstyrehytte ved Nordre Grønvatnet.

Vilkår:

1. Dispensasjon gjeld for bruk av ein trakkemaskin og to snøscooterar.
2. Dispensasjon gjeld for 2 turar, (tur-retur), ein tur for å trække såle før transport av hytte, og ein tur for innkøyring av ny hytte/materialar, og flytting av fjellstyrehytta.
3. På retur skal rivings- og overskotsmateriale frakstas ut av nasjonalparken.
4. Dispensasjon til transporten gjeld for vinteren 2016, og det skal ikkje køyrast etter 20.april.
5. Transporten skal gjennomførast på kvardagar, og løyvet gjeld ikkje på søndagar og ikkje i perioden frå og med skjærtorsdag til og med 2. påskedag.
6. Køyretrase: frå Rånå inn Asbjørnsdalen på best tenleg trase til Nørdre Grønvatnet.
7. Det skal nyttast leigekøyrar utover det løyve Lesja fjellstyre har frå før.
8. I forkant av køyringa skal SNO v/Thomas Rødstøl varslast på tlf.: 915 47 617.
9. Dersom det er villrein ved køyretraseen skal det ikkje køyrast.
10. Det skal takast omsyn til natur og miljø under transporten, for å unngå terrengskade, og unødig uro for dyrelivet.
11. Det skal førast køyrebok som skal fyllast ut på førehand og vera med under transporten. Kopi av køyreboka skal sendast nasjonalparkforvaltar innan 5. juni 2016.

Det vert gjort merksam på at transporten må avklarast med kommunen.

ST 10/16 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Møteplan 2016 2016/1706

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Nasjonalparkforvaltar foreslår at det vert lagt opp til 5 styremøter i 2016. I tillegg bør nasjonalparkstyret sette av tid til eit møte med rådgjevande utval. Som tidlegare skal møta fordelast geografisk på ulike plassar kring verneområdet.

Styret ønskjer at møta vert lagt inn på kalender i Outlook, og at det vert sendt ut førehandsinnkalling.

1. 14.mars – konstituerande møte, Lesja
2. 13.april – i samband med kompetansedagane, Lom
3. 20.juni – evt synfaring?
4. 19.sept – evt synfaring?
5. 14.nov.

Vedtak

Neste møte i nasjonalparkstyret vert gjennomført i samband med kompetansedagane i Lom, onsdag 13.april.

Forslag til møte i 2016:

- 14.mars – konstituerande møte, Lesja
- 13.april – i samband med kompetansedagane, Lom
- 20.juni – evt synfaring?
- 19.sept – evt synfaring?
- 14.nov.

Nasjonalparkforvaltar vil sende ut førehandsinnkalling på e-post.

Møteplan vert teke opp for evt justering på neste styremøte 13.april i Lom.

ST 11/16 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 14.03.2016

Per Magnus Berdal viste til at Reinheimen nasjonalpark er 10 år i 2016.

Ei markering er aktuelt. Styret meldte inn 10 års arrangement som eit aktuelt tiltak i Reinheimen for 2016.

Vedtak

Evt. 10 års arrangement vert sak på neste møte da aktuelle tiltak i Reinheimen for 2016 skal prioriteres, jf tildeling av økonomiske midler i Reinheimen for 2016.